

## Møtereferat

Dato: 21.03.2018

Emne:	<b>Silingsrapport og planprogram for Fv7 Tokagjelet - Drøftingsmøte med Samnanger og Kvam kommunar</b>	
Til stades:	Jostein Ljones, Kvam herad Anita Hesthamar, Kvam herad Knut Harald Frøland, Samnanger kommune Roald Aandahl, Samnanger kommune Carl-Erik Nielsen, SVV Grethe Vikane, SVV Kaisa Banne, SVV Kristian Bauge, SVV Håkon Rasmussen, HFK John-Martin Jacobsen, HFK Bente Utne, HFK Matti Torgersen, HFK	
Forfall:		Sak: 2017/1774-5
Møtetid:	Onsdag 21. mars kl. 10.00-12.00	Møtestad: HFK

**Møteleiar:** Håkon Rasmussen**Referent:** Matti Torgersen

Dagsorden som var sendt ut bestod av to punkt:

- Orientering om utkast til planprogram og silingsrapport for KDP Fv7 Tokagjelet
- Drøfting av vidare framdrift for arbeidet.

**Utkast til planprogram og silingsrapport.**

Carl-Erik Nielsen presenterte konklusjonane i silingsrapporten, og Kaisa Banne presenterte moglege finansieringsplan. Presentasjonane følgjer vedlagd.

Det er lagt opp til at planprogram og silingsrapport blir i eit samla dokument.

Planprogrammet må synleggjere ulike alternativ for politiske val. Særleg viktig er å få vurdert lengde på tunnel og kva dette fører til av bompengetakst. På denne måten kan det synleggjerast kva som kan vere eit akseptabelt bompengnivå knytt til ulik tunnallengde og bomplassering.

Det er i utgangspunktet lagt opp til at neste fase er ein ordinær kommunedelplanprosess med vurdering av fleire trasealternativ. På møtet vart det i tillegg bedt om at det blir skildra eit alternativt og raskare planløp der ein går direkte på reguleringsplanlegging. Føresetnaden for det sistnemnte er at det blir gjort vedtak om å berre gå vidare med eit trasealternativ.

Nokon andre moment i diskusjonen:

- Planarbeidet har hatt som utgangspunkt å løyse skredutfordringane i Tokagjelet. Det ligg p.t. inga bestilling på ein Hordalandsdiagonal. Planarbeidet har difor ikkje vurdert seinare moglege utbyggingar på strekninga mot Bergen. Det blei på møtet bedt om ei vurdering av korleis ein kan løyse utfordringar på vegen over Kvamskogen ved korte tunnelar.
- Plassering av bomsnitt må vurderast ut i frå nytteprinsippet. Det vart framholdt at grunneigarar og trafikantar på Kvamskogen vil ha nytte av ein tunnel då trafikken vert monaleg redusert.
- Det kan bli dobbelt med bompengar i Kvam ein kortare periode, ettersom Kvammapakken etter planen vert nedbetalt i 2029.
- Uansett alternativ vil det vere ein absolutt føresetnad at Tokagjelet blir stengd for å kunne utløyse rassikringsmidlar. Om det kan bli aktuelt å halde vegen open i sommarhalvåret for sykkel og gåande, må vurderast i det vidare planarbeidet.
- Det blei bedt om at planprogrammet synleggjer alle alternativ som har vore vurderte i prosessen, og at det er tydeleg kvifor alternativ vert silt ut.

#### **Vidare framdrift**

Planprogram med siling skal ferdigstillast i løpet av april 2018. Carl-Erik Nielsen og Matti Torgersen følgjer dette opp saman med prosjektleiar, og kjem tilbake til nærare framdrift for arbeidet med planprogrammet og siling.

Handsaminga av saka bør koordinerast mellom kommunane. Det kan vere aktuelt at Kvam herad handsamar saka først. Siktemålet er å sende planprogrammet på høyring før sommaren. Det vil bli utført arbeid i felten i løpet av sommaren.

Det blir lagt opp til ein statusinformasjon i Miljø- og samferdselsutvalet 18 april, i formannskapet i Kvam 25. april og i kommunestyre i Samnanger 26. april.